



## Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 1/2017  
Dato: 05.04.2017  
Tidspunkt: 19.00  
Stad: Foajeen, gymsal Vinjar skule

Til stades: Arne Vold, Øyvind Gjuvsland, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Jon Bråtveit, Vidar Jørgensen Nærheim, Else Kristin Krogh, Petra Odvody, Kristine Bøe Berge, Tor Inge Bråtveit (frå kl.19.45)

Forfall:

Andre til stades:

Sak 1/17 Gjennomgang/godkjenning av protokoll frå årsmøtet

- Protokoll godkjent utan merknader
- Styremøteprotokollen vil som hovudregel bli lagt ut på Suldal IL sine heimesider frå no

Sak 2/17 Orientering frå leiar v/Arne Vold

- Informasjon om Lov for Suldal IL - Suldal IL. Detaljer kan lesast på heimesida. Suldal IL har vedteke ei fullmaktsmatrise som gjer at undergruppene sjølv kan inngå avtalar, men det vert kommentert ved sida av dette at det er ryddig praksis at styret blir informert på førehand
- Sponsoravtale med Maxam Jelsa, skilt ved fotballbanen (som før) vert fornya desse dagar.
- Sponsoravtale med Sparebank 1 SR Bank utgår i juni og må reforhandlast.
- Avtale med Suldal Kommune for tilsyn og vask av Gullinghuset og toalettbygg må reforhandlast.
- Fornying av avtale med Suldal Kommune for drift og vedlikehald kunstgrasbanen (som før).
- Det er starta utplassering av turbokskassane til Skogstrimmen. 3 stk. er ikkje plassert. Arne har ansvaret for dette.
- Det er tilgjengeleg lagerplass i garderobe i kjellaren på bedehuset. Aktuell plass å lagre drakter/dokument m.m. Arne organiserer dette og har bl.a. kjøpt inn plastkassar til lagring.
- Området rundt kunstgrasbanen hadde trengt ein opprensk. Det er ulike forslag om sprøyting, rydding med sag o.l. Ein må koma attende med korleis ein skal organisere dette arbeidet og kva tiltak som eventuelt skal iverksetjast.
- Suldal Jakt og Fiske v/Svein Møgedal har levert nabovarsel vedkommande bygging av gapahuk v/Suldalslågen. Suldal IL v/Arne Vold har godkjent dette.



- Arne Vold er valt inn som leiar i Suldal Idrettsråd.
- Suldal IL må rapportere inn medlemsopplysningar til Noregs Idrettsforbund innan 30. april. Undergruppene; her ski og fotball, melder inn til Arne som føretek den endelege innrapporteringa.
- Ansvarleg for politiattestar: Øyvind Gjuvsland
- Ansvarleg for barneidrett: Vidar Jørgensen Nærheim

#### Sak 3/17 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy

- All fakturaflyt/refusjonskrav kan leverast signert til Silje for handsaming. Dersom fakturaer blir handsama i undergruppene er det viktig å hugse at Silje får kopi av alle fakturaer.
- Silje sender søknad om momskompensasjon. Spelemiddelprosjekt kan ikkje inngå i denne søknaden. Silje ordnar eigne søknadar om refusjon av moms på desse prosjekta.
- Det vert jobba med å utforma ein intern årsoversikt på utfakturering for Suldal IL.

#### Sak 4/17 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Vårsesongen for fotball startar for fullt etter påske. 2 lag har allereie hatt sine første kampar; J16 med storsiger, G13 med stortap. Alle laga trenar nå ute.
- Det blir arrangert dommarkurs v/Arve Fløysvik torsdag 6.april på Statkraft. 7-10 stk er påmeldt, alle frå Suldal IL. Kurset er gratis.
- Suldal Billag AS v/Per Arne Fisketjøn, som er ein av sponsorane til FKH, arbeidar med å arrangera keepertrening for aktuelle målvakter frå 13 år – senior. Målet er å få keepertrenaren til FKH inn til Suldal til 2 treningar.
- G15 er for få til å stilla som 11'er lag. Dette førte også til at trenar trakk seg. Jobbar med omgjering til 7'er lag og ny lagleiar.
- 8 åringane og 12-åringane frå Suldal IL deltek på kommande fotballturnering i Sauda i slutten av april. Målet er å få med fleire lag til neste år.
- Suldal Billag stiller med minibuss til kampane. Drivstoff/ferje/bom dekkjer laga sjølv. Alle laga har trenar med sertifikat for minibuss.
- Suldal IL nyttar nokre trenarar som ikkje er medlem av laget. Det vart vedteken at Suldal IL skal dekkja deira medlemsavgift.
- Det er pr. i dag ikkje utnemnt baneansvarleg (vedlikehald, liming etc.). Jon tar opp i fotballgruppa korleis dette kan organiserast og eventuelt kven som er aktuelle. Fram til noko anna er avklart er det Jon som har dette ansvaret.
- Det vert starta kiosksal på A-laget sine laurdagskampar og minst ein av kampane til dei aldersbestemte laga. Økonomigruppa v/Else Kristin har ansvaret for dette.



Sak 5/17 Orientering frå trimgruppa v/Tor Inge Bråtveit

- God deltaking på volleyball. Mange av dei nytilkomne flyktningane er aktiv på denne treninga. Arne undersøker tilskot for integrering, som bl.a. kan inngå som medlemsavgift.
- Gubbatrimmen startar opp med treningar ute ila våren.

Sak 6/17 Orientering frå økonomigruppa v/Else K. H. Krogh

- Startar arbeidet med kiosksal, innkjøp av utstyr o.l.

Sak 7/17 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Per Even fortset som leiar i skigruppa
- Det har vært bra oppslutning på skitreningar både inne og ute. Kring 45-50 løparar.
- Skigruppa har hatt deltakarar i krets, noregscup, Rogalandsrenn og turrenn.
- Har arrangert 1 skikarusell, Suldalsrennet, Mosvatnet rundt og Hamrabørennet
- Fellestreningane for dei minste er slutt for sesongen. Dei eldste held fram med nokre rulleskitreningar før sommaren.
- Har ikkje fått svar på søknad om spelemidlar til lysanlegget i lysløypa. Ikkje noko tydar på avslag. Håpar på oppstart av arbeidet etter påske.
- Vil gå vidare med prosjektet om snøproduksjon, Hjelmeland er også engasjert i dette. Suldal IL vil evt. stå som eigar, med eigne drifts- og økonomiavtalar med interessentar. Det vert nå jobba mot leverandørar, kommune og fylke. Foreløpig estimat 3-4 millionar. Driftsestimat pr. år om lag 200 000,-. Arbeidar med ei førehandsgodkjenning frå fylket, slik at dei kan leggja vassleidning i kabelgrøfta til lysanlegget.
- Må i gong med ny sponsorrunde for skidressar. Samlar opp bestillingar til hausten. Designet må avklarast – likt for heile idrettslaget eller eigne design i undergruppene? Avventar forslag frå Trimtex.
- Inngå avtale med Suldal Kommune om nedvask av Gullinghuset til sommaren. Else Kristin har ansvaret for dette.

Sak 8/17 Ymse

- Suldal IL ynskjer å koma med ein uttale til Suldal Kommune si **Forskrift om bandtvang på hund** som er ute på høyring desse dagar. Uttalen inneberer at me ynskjer **utvida bandtvang av omsyn til folk og miljø** i oppkøyrde skiløyper og anlegg. Arne tek dette vidare.

Suldalsosen, 5. april 2017

Kristine Bøe Berge, skrivar